

## Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 11.04.2007, 08:30 - 16:30  
Møtestad: Helse Vest RHF, Stavanger

### Styremøtet var ope for publikum og presse

#### Deltakarar frå styret:

Oddvar Nilsen  
Leiar

Svein Andersen  
Medlem

Helge Espelid  
Medlem

Gisle Handeland  
Medlem

Reidun Korsvoll  
Medlem

Inger Hamborg  
Medlem

Magnar Lussand  
Medlem

Aslaug Husa  
Medlem

Gunvor Sunde  
Medlem

#### Forfall frå styret:

Kari Oftedal Lima  
Nestleiar

Ellen Solheim  
Medlem

#### Deltakarar frå administrasjonen:

---

Administrerende direktør Herlof Nilssen

Viseadministrerende direktør Helge E. Bryne

Fagdirektør Odd Søreide

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen

Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal

Seniorrådgivar Torunn Nilsen (ref)

**Saker:**

---

|         |                                                                                                                                                 |
|---------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| B 07/30 | Godkjenning av innkalling og dagsorden                                                                                                          |
| O 07/31 | Årsmelding 2006 frå pasientomboda i Helse Vest                                                                                                  |
| B 07/32 | Godkjenning av protokoll frå styremøte 07. mars 2007                                                                                            |
| O 07/33 | Administrerende direktør si orientering                                                                                                         |
| B 07/34 | Rapportering frå verksemda pr 28. februar 2007                                                                                                  |
| B 07/35 | Plan for internrevisjonen 2007 - 2009                                                                                                           |
| B 07/36 | Helse 2020 - høyringsdokument                                                                                                                   |
| O 07/37 | Tilsynsmelding 2006 frå Statens Helsetilsyn                                                                                                     |
| O 07/38 | Fagleg rapportering 2006 frå det regionale samarbeidsorganet – forskingsprosjekt, nasjonale funksjonar, nasjonale og regionale kompetansesentra |
| 07/39   | Eventuelt                                                                                                                                       |

## **Presentasjon av årsmelding og arbeidet til pasientomboda i Helse Vest ved pasientomboda – (Gro Bergfjord – Rogaland og Grethe Bruntland – Hordaland)**

Pasientomboda presenterte pasientombodstenesta og den felles årsmeldinga frå pasientomboda i helseregion Vest.

I årsmeldinga er det fokusert på problemstillingar knytt til pasientrettar og til pasienttryggleik.

Pasientomboda peika på at det framleis er behov for betre kommunikasjon i møte med spesialisthelsetenesta og at helsepersonell blir meir medvitne om pasientane sine rettar i høve til lova om pasientrettar. Pasientomboda peikar på at det er behov for konkrete tiltak i høve til:

Fritt sjukehusval

Kvalitet på tenestene

Individuell frist og individuell plan

Rus

Psykiatri

Samarbeid mellom sjukehus

Pasientombodet i Rogaland, Gro Bergfjord, la vekt på at på at utifrå dei henvendelsane pasientomboda får, kan det sjå ut som det er behov for å styrke tilbodet til pasientar som treng smertebehandling og oppfølging av pasientar som får LAR-behandling.

## **B 07/30 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Kommentarar:**

#### **Forfall:**

Kari Oftedal Lima og Ellen Solheim hadde meldt forfall til møtet.

#### **Følgjande dokument var delt ut i møte:**

- Notat til AD si orientering pkt 9 – Lukka del - Kjøp av opptrenings- og rehabiliteringstenester 2007 - U. Off. Offl. § 6.2
- Notat til AD si orientering pkt 10 – Lukka del - Forliksklage – Krav om betaling for laboratorietenester - U. Off. Offl. § 6.2

- Notat til AD si orientering pkt 11 - Legefordeling 2007 - Utsett Off. jf. rr. Lov § 18 (2)  
Notata vart samla inn igjen etter møte.

Følgjande saker vart meldt til sak 039/07 - Eventuelt:

Spørsmål om kva møte Stavanger Aftenblad viste til i avisinnlegget 15. mars –

"Sevland refser Helse Vest" (Svein Andersen)

Spørsmål om status og framdrift i høve til ledige stillingar i Helse Vest RHF (Svein Andersen)

Smertebehandling i Helse Vest (Reidun Korsvoll)

"Pasientflukt" i Helse Førde (Gunnvor Sunde)

**Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## **B 07/31 Årsmelding 2006 frå pasientomboda i Helse Vest**

**Kommentarar:**

Pasientomboda i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har lagt fram felles årsmelding for 2006.

Pasientane er i hovudsak nøgde med helsetenestene dei får. Pasientomboda kjem i kontakt med pasientar som på ein eller annan måte har fått ein skade på sjukehus i samband med manglande diagnostisering eller feil behandling eller av anna grunn er misnøgd med tilbodet.

Årsmeldinga gir ei oversikt over omfanget av dei ulike tema hos det enkelte ombod.

Pasientskade er den hyppigaste nemnde problemstillinga. Innvendingar i høve behandlingsforløpet generelt (heilskapleg, omsorgsfull behandling) og problemstillingar knytt til diagnostisering, er tema som også går igjen. Både i Hordaland og Rogaland har det vore relativt større auke i saker som gjeld kreftpasientar enn den generelle auken i talet på saker. Problema desse pasientane har tatt opp er særleg; ventetid, for sein diagnostisering og manglande informasjon.

I årsmeldinga er det fokusert på problemstillingar knytt til pasientrettar og til pasienttryggleik. Pasientomboda peikar på at det framleis er behov for betre kommunikasjon i møte med spesialisthelsetenesta og at helsepersonell blir meir medvitne om pasientane sine rettar i høve til lova om pasientrettar.

Styret gav tilbakemelding på at det i tillegg til felles årsmelding er ønskjeleg med ei kort oppsummering frå kvart helseføretak.

**Vedtak (samrøystes, men med protokolltilførsel frå Reidun Korsvoll):**

1. Saka vart teken til orientering
2. Styret ber om at pasientomboda blir inviterte til HF-styra, slik at dei forhold som blir påpeika i årsmelding 2006 kan følgjast opp.

Pkt. 2 i vedtaket vart vedtatt samrøystes etter forslag frå Oddvard Nilsen

**Protokolltilførsel frå Reidun Korsvoll:**

- Administrasjonen i Helse Vest vert beden om å minna institusjonane om pasientane sine rettar til sjukehusval jfr. Pasientrettighetslova
- Innan rusvern vil ein be om at oppfordringa frå pasientomboda om betre kvalitetssikring av behandlingsopplegget vert følgt opp.

## **B 07/32 Godkjenning av protokoll frå styremøte 07. mars 2007**

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 7. mars 2007.

## **B 07/33 Administrerande direktør si orientering**

Ope del:

### **1. Vurdering av tilbod om familiebehandling innan tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelavhengige**

Styret i Helse Vest RHF bad i styremøte den 20. juni 2006 om ei vurdering av tilbod om familiebehandling i regionen innan tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmisbruk. For å vurdere etablering av nye, helsefaglege tilbod, sendte Helse Vest RHF sendte difor førespurnad om ei metodevurdering til Nasjonalt kunnskapssenter for å vurdere kva slags behandlingstiltak som verkar og korleis desse tiltaka bør organiserast.

Det er dokumentert at metodar innan familieorientert behandling gir positive behandlingresultat, både for den rusmiddelavhengige og for dei andre medlemmene i familien, inkludert barna. Dette gjeld metodar som blir nytta poliklinisk.

I avgrensa grad blir familiar innlagde ved døgninstitusjonar innan tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmisbruk. Nytteverdien av desse tiltaka er ikkje tilstrekkeleg dokumentert i dag. Ei utbygging av døgntilbod der effekten (nytteverdien) av tiltaket er usikker, krev ein større diskusjon om prioriteringar av knappe ressursar innan rusfeltet og spesialisthelsetenesta, både når det gjeld investeringar og drift.

Med den kunnskapen som føreligg, må først og fremst det polikliniske tilbodet til familieorientert behandling i regionen innan tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmisbruk styrkast.

Helse Vest vil sende ut informasjon om dette til alle poliklinikkar og institusjonar innan tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmisbruk i regionen og be dei bruke kunnskapsbaserte behandlingsmetodar som trekkjer inn familien, i tillegg til den rusmiddelavhengige, i behandlinga. Samstundes vil ein be det nye regionale kompetansesenteret for spesialisert behandling av rusmiddelavhengige og skadeleg bruk av rusmidlar i Helse Stavanger følgje opp tilrådingane til kva det bør forskast vidare på.

### **2. Forskingsprogram for russektoren**

I 2005 gav Det regionale samarbeidsorganet mellom Helse Vest RHF, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger ein programkomité i oppgåve å lage eit forskingsprogram for russektoren. Komiteen skulle kartlegge forskingsaktivitet og samarbeidsrelasjonar innan russektoren i regionen og utarbeide eit forslag til program med tiltak for å styrkje forskinga på kort og lengre sikt.

Programkomiteen gav si tilråding 29. mai 2006 og forskingsprogrammet blei handsama i Det regionale samarbeidsorganet 12. juni 2006 og 13. september 2006. Forskingsprogrammet framkalla interesse for rusforskning både i forskingsmiljøa og i dei kliniske miljøa. Programmet peikar på kor viktig det er å etablere eit forskingsnettverk innan rusforskning, ein drivkraft som kan få til den nødvendige utviklinga innan sektoren.

Som ei oppfølging av dette valde Helse Vest RHF, med støtte frå Det regionale samarbeidsorganet, å etablere eit regionalt kompetansesenter for tverrfagleg spesialisert rusbehandling etter vedtekne kriteria for etablering av regionale kompetansesentra (styresak 28/07 B og styresak 78/03 B). Det regionale kompetansesenteret, som er lokalisert ved Psykiatrisk klinikk i Helse Stavanger HF, vil starte opp arbeidet i løpet av våren 2007. Det nye

regionale kompetansesenteret legg forskingsprogrammet for russektoren til grunn for sitt arbeid.

Helse Vest RHF arrangerer 16. mai 2007 ei regional samling for alle einingane innan spesialisert rusbehandling. Der skal det nye regionale kompetansesenteret presentere seg for dei kliniske miljøa samla.

Om nokon i styret ønskjer å delta på samlinga, kan dei kontakte RHF administrasjonen for påmelding og program.

Forholda er no lagt til rette for auka forskingsaktivitet og styrka samarbeidsrelasjonar innan spesialisert rusbehandling i Helseregion Vest. Det vil likevel ta tid å få fram forskning av god, internasjonal kvalitet innan russektoren (publikasjonar i internasjonale tidsskrift med peer review-ordning).

Styret ønskte å følgje nøye med i den vidare utviklinga.

### **3. Omdømmeundersøking**

Administrasjonen orienterte om resultat frå omdømmeundersøking gjennomført i mars 2007. Beslutningstakarar, dvs. politikarar og embetsverk i stat, fylke og kommunar + brukarutval, tillitsvalde og styra i HF og RHF er intervjuet.

259 personar har svart på undersøkinga. Det er ein svarprosent på 45,4%.

Oppsummert viser resultatane:

- Betre resultat på dei fleste områda
- Sjukehusa/institusjonane leverer helsetenester av høg kvalitet
- Det er lett tilgang til informasjon frå det regionale helseføretaket
- Beslutningstakarane synest å ha god kjennskap til Helse Vest
- Helse Vest har ikkje greidd å få til ei god økonomistyring
- Helse Vest har ikkje greidd å redusere talet på korridorpatientar
- Tilgang til informasjon vesentleg betre. Det er enklare å få tilgang til dokument.
- Det er store variasjonar mellom HFa.
- Helse Førde kjem dårleg ut i omdømmeundersøkingar.

Styret var opptekne av at HFa må få tilgang til denne målinga. Oppfølging frå HFa si side blir avgjerande for å nå måla om eit omdømme som samsvarer med dei resultatane som regionen leverer.

### **4. Val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette**

Det er gjennomført val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til Helse Vest RHF sitt styre. Funksjonstida er 2 år. Signert protokoll var sendt ut til styret.

Styremedlemmer:

1. Aslaug Husa, Helse Stavanger HF, hjelpepleiar/hovudtillitsvalt Stavanger Universitetssjukehus
2. Inger Hamborg, Helse Stavanger HF, operasjonssjukepleiar/konserntillitsvalt UNIO
3. Helge Espelid, Helse Fonna HF, overlege Haugesund Sjukehus

Varamedlemmer:

1. Eli Moldeklev, Helse Bergen HF, hjelpepleiar/konserntillitsvalt LO
2. Arvid Langeland, Helse Bergen HF, sjukepleiar/hovudtillitsvalt Voss sjukehus
3. Torgeir Finfjord, Helse Førde HF, overlege
4. Egil Anders Haugen, Helse Bergen HF, vernepleiar/føretakstillitsvalt FO
5. Astrid Sunde, Førde Sentralsjukehus, anestesistjukepleiar

### **5. Orientering om relevante lover og myndigheitskrav**

Administrasjonen viste til utsendt notat

### **6. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker**

Administrasjonen viste til utsendt notat

## **7. Oversikt over høyringar**

Administrasjonen viste til utsendt notat

## **8. Korridorpasientar - psykiatri**

I brev av 09.03.05 frå Statens helsetilsyn fekk Helse Vest RHF pålegg om å rette forholda ved Sandviken sykehus i Helse Bergen HF.

Pålegget var grunna vedvarande overbelegg og bruk av korridorsenger på akuttpostane.

Helse Vest RHF har følgd opp handlingsplan og rapport i tråd med krav knytt til pålegget som gjeld Sandviken.

Overbelegg og bruk av korridorsenger er klart redusert.

Det må likevel framleis vere fullt fokus på å redusere bruken av korridorsenger. Dette vil også gjelde i Helse Stavanger som også har jamn bruk av korridorsenger.

Hovudutfordringane er knytt til det relativt store omfanget av pasientar som først og fremst har behov for kommunalt tilbod. Frigjøring av desse plassane vil gi stor ekstra kapasitet i Helse Bergen. Dette blir følgd opp i høve til Bergen kommune, og må og følgjast opp i høve til kommunane i Helse Stavanger sitt opptaksområde.

-----

**Lukka del:**

**U. Off. Offl. § 6.2 for pkt 9. og 10**

**Utsett Off. jf. rr. Lov § 18 (2) for pkt 11**

## **9. Kjøp av opptrenings- og rehabiliteringstenester 2007**

Administrasjonen viste til utdelt notat, og orienterte om saka.

Styret vart samde om vidare strategi, men ønskte saka tilbake til styret for ny behandling og i fall det blir behov for å gjere endringar.

## **10. Forliksklage – Krav om betaling for laboratorietenester**

Administrasjonen viste til utdelt notat, og orienterte om saka.

## **11. Legefordeling 2007**

Helse Vest fordeler kvart år nye legestillingar til helseføretaka. I forbindelse med fordeling i 2007 er det i samband med ein undersøking som Riksrevisjonen foretar, avdekka eit stort tal stillingar som er oppretta utanom ordinær tildeling i Helse Stavanger HF.

I Styringsdokument frå Helse Vest RHF til helseføretaka er det kvart år teke med under styringskrav jf pkt 2.4:

- *Helseføretaka må systematisk og fortløpande melde avviksendingar i stillingsstrukturen for legar til NRs database <http://www.nr.dep.no/>*

Helse Vest RHF er ikkje tidlegare gjort merksam på dei avvika som her kjem fram.

Helse Vest RHF ser med stort alvor på at det er oppretta fleire stillingar utanom fordelingssystemet ved Stavanger Universitetssjukehus. Saka blir gitt høg prioritet og det vil bli sett i verk tiltak for å lukke dette avviket.

Styret var samde om å be styret i Helse Stavanger HF om å drøfte saka snarast råd og komme med forslag til ei løysing på problemet. Styret i Helse Stavanger HF må sørge for at det blir laga ein plan der det blir gjort greie for realistiske tiltak på kort og lengre sikt.

Styret ba om at ny sak med forslag til løysing blir lagt fram i neste styremøte i mai.

## **Vedtak (samrøystes):**

Styret tok meldingane til orientering

## B 07/34 Rapportering frå verksemda pr 28. februar 2007

### Kommentarar:

Rapporteringa er utarbeidd med basis i informasjon pr 28. februar 2007.

#### Kvalitet:

Mengda epikrisar som er sende innan 7 dagar er uendra samanlikna med januar 2007, og ligg framleis på 67 %.

Det er berre små endringar i ventetid frå januar til februar 2007. Innan vaksenpsykiatri går talet på ventande opp, medan ventetida ikkje aukar. Dette tydar på at prioritering skjer i samsvar med forskrift.

#### Aktivitet:

DRG-indeksen ligg på måltalet for regionen samla, og er på 0,79 poeng per sjukehusopphald i februar 2007.

Aktivitet i Helse Førde HF ser ut til å gå jamt nedover. Det blir ei utfordring å handtere betydeleg mindre pasientbehandling enn budsjettet. Målingar viser at om lag 50% av gjestepasientane frå Førde er nødvendig og grunna funksjonsfordeling. 50 % av gjestepasientane frå Helse Førde er pasientar som Helse Førde har kapasitet og kvalitet til å behandle, men pasientane nyttar fritt sjukehusval og vel behandling utanfor Helse Førde HF.

#### Økonomi:

|                              | Faktisk        | Budsjett       | Budsjettavvik |
|------------------------------|----------------|----------------|---------------|
| <b>Apoteka Vest</b>          | 117            | -663           | 781           |
| <b>Helse Bergen</b>          | -48,175        | -49,376        | 1,201         |
| <b>Helse Fonna</b>           | -3,053         | -5,162         | 2,109         |
| <b>Helse Førde</b>           | -18,048        | -15,176        | -2,872        |
| <b>Helse Stavanger</b>       | -23,212        | -17,097        | -6,115        |
| <b>Kjøp av helsetenester</b> | -2,903         | -4,002         | 1,098         |
| <b>Helse Vest (Mor)</b>      | 2,411          | -525           | 2,935         |
| <b>Helse Vest IKT</b>        | 1,349          | -610           | 1,959         |
| <b>Sum</b>                   | <b>-91,515</b> | <b>-92,611</b> | <b>1,096</b>  |

|                              | Årsprognose: A  | Årsbudsjett: B  | Avvik: = A-B   |
|------------------------------|-----------------|-----------------|----------------|
| <b>Apoteka Vest</b>          | 4,387           | 4,387           | 0              |
| <b>Helse Bergen</b>          | -153,000        | -153,000        | 0              |
| <b>Helse Fonna</b>           | -38,000         | -38,000         | -0             |
| <b>Helse Førde</b>           | -73,592         | -38,000         | -35,593        |
| <b>Helse Stavanger</b>       | -51,000         | -51,000         | -0             |
| <b>Helse Vest (Mor)</b>      | 0               | -0              | 0              |
| <b>Kjøp av helsetenester</b> | -24,000         | -24,000         | 0              |
| <b>Helse Vest IKT</b>        | 233             | 233             | 0              |
| <b>Sum</b>                   | <b>-334,972</b> | <b>-299,380</b> | <b>-35,592</b> |

Det er berre Helse Førde som rapporterar avvik frå årsprognosen. Kostnader til gjestepasientar er venta å gje eit avvik på kr 14,8 mill. ISF-inntektene er justert ned med kr 13,4 mill og tilsvarer no eit produksjonsnivå lik 2006. Lønnskostnader trur dei vil ha ein meirkostnad på kr 6,3 mill.

Styret var uroa over at fleire av HFa ikkje har forventa effekt av planlagde tiltak, men trass i det rapporterar dei ikkje avvik i høve til prognose for året. Styret ønskte ei framleis tett oppfølging av igangsette og planlagde tiltak for å nå budsjettkrava i HFa. Nye møter med HFa vil bli gjennomført i samband med mars-rapporteringa.

Medarbeidarar:

Sjukefråværet auka frå januar til februar med om lag 1% og er ved utgangen av februar 8,3%. Auka er relativt likt fordelt mellom eigenmeldt og sjukemeldt fråvær. Isolert sett er det aldersgruppa 60-69 år blant kvinnene som har hatt ein betydeleg auke i sjukefråværet frå januar til februar 2007.

Tal medarbeidarar viser ein svak auke frå januar 2007 til februar 2007 med 41 medarbeidarar. Meirarbeid og overtid i tal timar visar eit lågare bruk for februar 2007 samanlikna med februar 2006. Dersom det for mars månad viser dei same låge tala i forbruk av variabel løn vil dette påverka resultatet for helseføretaka betydeleg. Styret var uroa over at talet på månadsverk i Helse Bergen HF er aukande samstundes med planlagt nedbemanning. Noko av dette kan forklarast med at bruk av meirarbeid er redusert. Styret vil følgje utviklinga nøye.

#### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret tok verksemdsrapport pr. 28. februar 2007 til orientering
2. Definisjonen av grenseverdiar innan økonomiområde blir endra slik at indikatoren blir grøn ved positive avvik frå budsjett.
3. Styret ber Helse Førde HF om å setje inn tiltak umiddelbart for å redusere avviket på årsprognosen og sikre balanse.

## **B 07/35 Plan for internrevisjon 2007 - 2009**

#### **Kommentarar:**

Internrevisjonen i Helse Vest RHF er ein kontrollfunksjon som på vegne av styret gjennomfører uavhengige kontrollar i helseføretaksgruppa. Internrevisjonen skal utarbeida ein årleg plan for arbeidet, som skal godkjennast av styret. Planen som vert lagt fram omfattar forslag til prosjekt for perioden 2007 – 2009, og ei prioritering av prosjekt for 2007.

Planen vil vera styrande for internrevisjonens aktivitetar i 2007, men revisjonsaktivitetar kan omprioriterast dersom det oppstår hendingar som tilseier dette. Endringar i plan, eventuelt prioritering av nye oppgåver, skal godkjennast av kontrollkomiteen / styret. Styret ønskte å få framlagt ei prioritert prosjektliste, med grunngjeving for prioritering og tidfesta plan for gjennomføring av dei ulike prosjekta, før handsaming av saka i styret.

Saka vart utsett til neste møte.

## **B 07/36 Helse 2020 - Strategi for helseregionen**

#### **Kommentarar:**

Styret for Helse Vest RHF vedtok første gang skisse til revidering av gjeldande føretaksplan i møte 27.05.2005 (sak 49/05, pkt.7). Forslag til prosjektdirektiv for revidering av føretaksplanen vart vedteke i møta 17.06.2005 (sak 63/05, pkt.3) og 06.09.2005 (sak 72/05, pkt.4).

I 2006 har innhald og prosess i prosjekt Helse2020 vore handsama i styret i møta 08.02.2006 (sak 03/06, pkt.4), 23.03.2006 (sak 23/06, pkt.8), 03.05.2006 (sak 33/06, pkt.4, om faggrupper og utgreiingar), 06.09.2006 (sak 69/06, pkt.7, om storsamlingar), 11.10.2006 (sak 82/06, om fagrapportane og involvering/storsamlingane). I tillegg til desse sakene har Helse2020 også vore fokusert i styreseminara.

I "Helse2020 - Strategi for helseregionen" er utgreiingane og anbefalingane frå grunnlagsdokumentet lagt til grunn for dei endelege vala av mål og strategi. Den formelle høyringsprosessen for Helse2020 startar med at styret sender forslaget til strategi for helseregionen til intern høyring i eigne føretak og til ekstern høyring til dei eksterne interessentane som har vore involvert i planprosessen. Ein vil be om at HFa styrebehandlar planverket og gir sine tilbakemeldingar innan sommaren, i siste halvdel av juni. Det er ein føresetnad at HFa i si behandling inkluderer eige brukarutval samt eigne tillitsvalde og vernetenesta. Ein ber vidare om at dei eksterne interessentane gir sine høyringsuttalar med same frist som dei interne. Ut frå dette vil styret i Helse Vest RHF få seg førelagt endeleg planverk i styremøte 05.09.2007. Delen av Helse2020 som omhandlar visjon og mål skal vere langsiktig og dekke perioden frå no og framover mot år 2020. Strategi og handlingsplanen er lagt med konkrete forslag om tiltak for perioden 2008-2011, og med ei fire års rullering av planverket.

Styret la vekt på at visjon og målformuleringar må vere gjennomgåande i føretaksgruppa.

#### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret i Helse Vest RHF tok saka til førebels orientering.
2. Styret sender planverket for Helse2020 til høyring internt og eksternt med svarfrist i siste halvdel av juni.
3. Styret vil gjere endeleg vedtak om planverket for Helse2020 etter at den eksterne høyringa er avslutta og bearbeida.
4. Helse 2020 er ein strategiplan for heile helseregion Vest, og skal leggja føringar for utvikling av pasienttilbodet innan spesialisthelsetenesta for alle innbyggjarar i regionen. Det er difor grunnleggjande at visjonen, verdigrunnlaget og dei overordna målsettingane vert gjennomgåande i føretaksgruppa og kjem til erstatning der det finst eksisterande og lokale overordna målformuleringar.

## **B 07/37 Tilsynsmelding 2006**

#### **Kommentarar:**

Tilsynsmeldinga 2006 frå Statens helsetilsyn ligg no føre. Det som kjem fram i tilsynsmeldinga er samla resultat frå tilsyn over heile landet. Meldinga gir difor ei overordna innsikt i aktuelle problemområde, og ikkje detaljkunnskap om status for dei omtala fagområda innan den enkelte region.

Dei einskilde tilsynssakene har eiga løp for oppfølging lokalt.

Frå Statens helsetilsyn og deira tilsynsmelding for 2006, bør ein ta med seg to overordna budskap. Føresetnaden for å nå måla med helselovgivinga, er at leiinga i helseføretaka sett i verk tiltak som gjer lovkrava kjende og oppfylde i spesialisthelsetenesta. I tillegg må den same leiinga ta ansvar for at helseføretaka systematisk lærer av oppdaga feil.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Saka vart teken til orientering

## B 07/38 Faglig rapportering 2006

### Kommentarar:

"Faglig rapportering 2006" omfattar årsrapporter frå forskingsprosjekt som har fått midlar fordelt av Det regionale samarbeidsorganet mellom Helse Vest RHF, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger, og rapporter frå regionen sine høgspesialiserte tenester. Bidraga som inngår i rapporten vert samla inn gjennom eit elektronisk rapporteringsskjema (eRapport), og det er fjerde år at rapporteringa vert gjennomført på denne måten.

I 2006 løyvde Helse Vest RHF 101 millionar kroner til forskning (inkl. 10 millionar kroner til psykiatri). Vidare blei det ytt ca. 63 millionar kroner til medisinske kvalitetsregister og regionale og nasjonale kompetansesenter.


Fagleg rapportering er ei viktig synleggjering av ei sentral del av verksemda i Helse Vest som det har vore satsa kraftig på og som ein no ser resultat av i form av auka forskingsaktivitet.

60 % av forskingsmidla som Helse Vest RHF får tildelt gjennom Statsbudsjettet er resultatbasert, dvs. basert på gjennomsnittlig forskingsproduksjon de siste 3 år.

Forskningsproduksjon i denne samanhengen er vitenskaplege artiklar og avlagte doktorgrader, som kan knyttes til eit sjukehus i regionen.

Helse Vest har i dei to siste åra har større forskingsproduksjon enn Helse Øst og det har vore ei markert vekst i aktiviteten dei siste åra.

Forskningsproduksjon (målt i publikasjonspoeng) for de regionale helseføretaka frå 2000



### Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Vest RHF tok rapporten "Faglig rapportering 2006" til orientering

## B 07/39 Eventuelt

**Spørsmål om kva møte Stavanger Aftenblad viste til i avisinnlegget 15. mars – "Sevland refser Helse Vest" (Svein Andersen)**

Administrasjonen orienterte om møte med den politiske leiinga i Stavanger kommune 13. mars 2007.

### **Spørsmål om status og framdrift i høve til ledige stillingar i Helse Vest RHF (Svein Andersen)**

Administrasjonen orienterte om status i høve til rekruttering til følgjande ledige stillingar: Pasienthjelpar, Rekneskapskonsulent, Prosjektleiar, Bygg- og eigedomsskjef og Internrevisor. Det er tilsett i stilling som Pasienthjelpar, medan det er pågåande prosessar i høve til dei andre ledige stillingane.

### **"Pasientflukt" i Helse Førde (Gunnvor Sunde)**

Gunvor Sunde viste til medieoppslag i Sogn og Fjordane og ønskte orientering om nedgangen i pasientar som blir behandla i Helse Førde.

Februar viser eit negativt resultatavvik på kr 8,3 mill. i Helse Førde HF.

Avviket kjem først og fremst ifrå lågare inntekter enn budsjettet (kr 3,3 mill) Årsaka er mindre aktivitet enn føresett. Kostnader til gjestepasientar er kr 4,2 mill høgare enn budsjett.

Tiltak som skulle redusere kostnader til gjestepasientar har ikkje hatt ynskja effekt.

Styret i Helse Førde HF følgjer utviklinga nøye og vurderer tiltak.

### **Smertebehandling i Helse Vest (Reidun Korsvoll)**

Reidun Korsvoll ba om at styret får lagt fram ei sak om smertebehandling i Helse Vest. I Styringsdokumenta til HFa er smertebehandling eit av rapporteringspunkta. Styresak om smertebehandling i Helse Vest vil bli framlagt for RHF-styret i desember 2007, etter rapportering frå HFa.

## **Skriv og meldingar**

### Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

Brev frå Riksrevisjonen, dagsett 08.02.07 "Bierverv"

Utsatt offentlighet jf. rr. lov §18 (2)

Brev frå Helse Vest RHF til Riksrevisjonen, dagsett 9.03.07 "Bierverv"

Utsatt offentlighet jf. rr. lov §18 (2)

Brev frå Riksrevisjonen, dagsett 26.02.07 "Legefordeling"

Utsatt offentlighet jf. rr. lov §18 (2)

Brev frå Helse Vest RHF til Riksrevisjonen, dagsett 23.03.07 "Legefordeling "

Utsatt offentlighet jf. rr. lov §18 (2)

Brev frå Helse Vest RHF til Helse Stavanger HF,

dagsett 23.03.07 "Legefordeling "

Utsatt offentlighet jf. rr. lov §18 (2)

Brev frå Helse Vest RHF til helseføretaka, dagsett 28.03.07 "Vedrørande bruk av Tysabri i helseføretaka"

Brev frå Helsetilsynet i Rogaland, dagsett 23.03.07 "Rapport frå tilsynet med Psykiatrisk klinikk Akuttpost A2"

Brev frå Kriminalomsorgen Åna fengsel, dagsett 19.03.07

"Manglende tilbud fra Helse Vest - Spesialisthelsetjenester til innsatte, Åna fengsel"

Kopi av brev frå Shdir og NAV til landets fastleger, dagsett 15.03.07 " "Raskere tilbake" til arbeid - fastlegenes rolle"

Brev frå Rådet for Psykisk Helse, dagsett 14.03.07 "Styring av avtaler med psykologer og psykiatere"

Rapport frå Helsetilsynet i Rogaland, "Rapport fra tilsyn med LAR- Rogaland"

Protokoll frå møtet i det regionale brukarutvalet den 7. februar 2007

Protokoll frå kontrollkomitemøte i Helse Vest RHF den 14. februar 2007

Ref. Torunn Nilsen  
Stavanger, 11. april 2007

---

Oddvard Nilsen  
Styreleiar

---

Kari Oftedal Lima  
Nestleiar

---

Svein Andersen

---

Reidun Korsvoll

---

Gisle Handeland

---

Ellen Solheim

---

Magnar Lussand

---

Gunnvor A. Sunde

---

Aslaug Husa

---

Inger F. Hamborg

---

Helge Espelid